

## *Referat frå årsmøte i Rogaland sau- og geitalslag på Grand Hotell i Egersund fredag 26.02.05 og laurdag 27.02.05.*

Referent Gerd Helen Bø.

1. Møteleiar Olaug Vikingstad ønskte velkomen til årsmøtet for 2004, ho innleia med eit dikt.

Nils Fjellanger, leiar i Eigersund småfelag, ønskte velkommen til Eigersund, dette var 3. gongen årsmøtet var i kommunen.

Nils Bakka fortalde om kommunen og jordbruket der.

2. Innkalling og saklista vart godkjent.

3. Nils Helland hadde opprop av deltakarane.

4. Ola Audun Svela og Peder Ravndal vart valde til å skriva under møteboka.

### **5. Leiar i RSG Sigmund Skjæveland.**

Han meinte at det var positivt at det var fleire nye utsendingar. Det er ei oppgave for oss gamle å ta oss av og føra dei nye inn i det gode miljøet.

Oppgaver i året som gjekk.

### **Rovviltmeldinga.**

Arbeidet som NSG gjorde under handsaminga av meldinga, førde til at ho vart betre enn ein hadde frykta. Risan har gode kontaktar og er flink til å påverka.

Dette såg ein og under utarbeiding av *Forskrift om velferd for småfe*. Særleg galdt dette § 26, denne vart omskriven slik at han nå er til å leva med.

### **Beitesesongen.**

Denne vart litt spesiell. Det var lite snø, men sidan sommaren vart kaldare enn normalt førde det til at lamma vart betre enn ein skulle tru.

23 kg grensa kom brått og slo ulikt ut i fylket. Det vart nytta ulike argument for innføringa, først ville ikkje markedet ha så store lam, sidan var argumentet å regulera markedet.

Det er nokre få geitehaldarar i fylket. Det vart lagt fram ein rapport der det sto at det skulle ikkje vera geitehaldarar i fylket. Det vart halde eit møte på Vikeså der dette vart teke opp.

I vinter var Risan i Rogaland, han var då m.a. med på gardsbesøk på ein bruk med geit i sør Rogaland og ei samling med geitebøndene.

PC – kåring vart nytta for første gong i år. Me får det til, men må verta betre. Dette arbeider me med.

Fjelldagane var i 2004 i Eidfjord. I år går turen til Bolkesjø, medan det i 2006 er 30 års jubileum og då går turen til Island.

RSG samarbeider med mange, mellom anna med Naturvernforbundet når det gjeld avtale om beite på Store Marøy utafor Stavanger og i samband med Gladmatfestivalen for å syna kor viktig sauene er som landskapspleiar.

## **Medlemsverving**

RSG har vedteke å gje premier i samband med den sentrale vervingskampanjen. Den som verver flest medlemmer får gratis tur til fjelldagane . Nr 2 og 3 får gratis medlemskap i sau og geit i 1 år.

## **Semin.**

Det var betre resultat på inseminering med sæd frå Særheim i år. Økonomien til NSG semin er anstrengt, noko som må føra til endringar.

Gjetarhundnemnda driv godt. I år arrangerte dei Nordisk meisterskap, RSG støtta arrangementet som var svært godt.

Det har vor ein del skriving om eksport i haust. RSG prøvde å få Wester hit, men det lukkast ikkje grunna vinterferien.

Import av levande dyr vil ikkje tena næringa pga sjukdomsfaren. Det er vanskeleg å skjønna at ein bonde ikkje får føra ein ver frå Rogaland til Austlandet, men får importera.

Når det gjeld ulv har det vore roleg nå. Me vil prøva å få til eit fellingslag i Ryfylke

Debatten rundt Tine skremde, den går på yrkesgruppa bønder.

Trur ikkje me kjem til å sjå lysning når det gjeld sal av sauekjøt, før grisen er oppe og går.

**Karluf Håkull** meinte at fjørfe kjøtet var ei større utfordring enn grisen.

**Knut Tunheim** var samd med Sigmund når det gjeld sau i høve til gris. Me bør prøva å få inn folk i samvirket som støtter sauene.

**Sigurd Tysvær** er ikkje med i sauekontrollen og heller ikkje i nokon veraring, men han inseminerer. Nokre få dagar før han skulle byrja å inseminera hadde han ikkje fått svar på om

han skulle få s ed. Dette er sv ert vanskeleg   forhalda seg til.

Sigmund lov   bringa problemet vidare.

## **6. Leiar av Norges Bonde og Sm brukarlag Solveig Horve.**

Sentralt har det vore eit sv ert godt samarbeid med NSG, mellom anna kom dette til syne n r det galdt arbeidet med rovviltmeldinga.

Det er sv ert viktig   ivareta samvirke og marknadsreguleringa.

WTO og tollvern viktig.

Utviklinga i jordbruket g r mot store bruk og nisjeproduksjon. Men majoriteten er midt mellom, desse er b rebjelken i jordbruket. Politikarane vil ikkje svara p  kva ein kan gjera for   halda p  desse.

Sauehaldet vert ei sterk n ring framover, eit viktig kj tslag, sauene er eit politisk dyr sidan inntekta i st rre grad enn for andre produksjonar kjem fr  overf ringar, noko som f rer til at ein er avhengig av geh r i politiske milj . Gjengroing er eit st rre og st rre problem.

Kva gjer NBS: fremmar forslag om driftstilskot p  sau, utmarksbeitetilskot, fjerna botnfr drag, 0-mva og fritak for omsetningsavgift p  eigenforedla varer med ei omsetjing p  opp til 200 000 kr. Dette er tiltak NBS  nskjer tilbakemelding p .

Det   byggja alliansar er sv ert viktig.

M  arbeida aktivt for   utvikla nye bein   st  p , knyta til eit utvida ressursgrunnlag - auka handlingsrommet.

NBS har ikkje g tt inn for kompetansekravet i jordbruket, men ser at det kjem og arbeider for   f  det best mogeleg.

**Nils Helland** synte korleis prisutviklinga p  lam hadde vore dersom ein hadde f lgt konsumprisindeksen. ( 31 kr i -80 og 93 kr i -05).

**Ove Ommundsen** sa at NSG kom med forslag om driftstilskot for 4  r sidan. Ein m  vekk fr  tilskot p  dyr og over p  areal eller beiting.

**Karluf H kull.** I Hordaland er det eit prosjekt med tilskot til beiting.

**Knut Tunheim:** Skal ein nytta sauene som landskapspleier er tida etter paring viktig, d  ulven var i Dalane vart dette ikkje rekna me. Det var sagt at sauene ikkje skulle vera ute p  denne tida.

**Sigmund Skj veland.** Det er sv ert viktig med alliansar. Bonde og sm brukarlaget i Rogaland vert invitert til  rsm te i RSG, men m ter ikkje. Til  rsm te i NSG er det forslag om medlemskap i representantskapet i bondelaget og i sm brukarlaget.

**Ola Jordebrekk.** Det vert sagt at det er viktig   utnytta ressursane p  garden. Det   byggja kraftverk er   utnytta ressursane, men dei som  nskjer det f r ofte problem.

**Nils Petter Aarestad** meinte at ein m  pr va   f  til medlemskap i representantskapa.

**Nils Helland** spurte om Solveig Horve visste noko meir om kompetansekravet.

Ho svarta at det låg føre ein rapport som omtalar dette.

**Sigmund Skjæveland** sa at Forskrift om velferd for småfe omtaler kompetanse i § 5.

**Bjørn Laugaland** meinte at det er viktig med alliansar, korleis kan me få med andre media enn Nationen

**Ove Ommundsen** sa at det hadde vore ein artikkel i VG der det sto at bøndene ikkje såg etter sauene. NSG tok kontakt med Mysterud som hadde eit innlegg. Det er viktig å knyta slike alliansar.

## **8. Årsmelding for år 2004.**

**Ole Jonny Espevold** gjekk gjennom meldinga.

Det vart kommentert frå fleire at oversikta over veraringane treng ei opprydding.

## **7. Joar Oltedal – landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen.**

Han orienterte om regionalt miljøprogram. Det er løyvd 20 mill. kr til denne ordninga i 2005, det er ei støtteordning som kjem til å verta bygd opp etter kvart. Ordninga er basert på faste kriterier : ho er frivillig, det er årleg søknad, alle søkjarane som oppfyller kriteriene får . Berre føretak som mottek produksjonstilskot kan støttast og støtta skal forankrast i eit av hovudområda: tiltak for å ivareta kulturlandskapet (støling, aktivt beitebruk) tiltak for å redusera forureining, tilrettelegging for friluftsliv, reiseliv og ferdsel i kulturlandskapet.

Oltedal gjekk gjennom dei ulike tiltaka, om lag 20, som kjem inn under ordninga her i Rogaland, m.a. tilskot til organisert beitebruk med kr 6 pr småfe og kr 10 pr storfe.

Det vart stilt spørsmål om kva ein gjer med Rogaland sau som beiter i andre fylke. Oltedal sa at dette var ein diskusjon ein måtte ta.

Alle som får produksjonstilskot får tilsendt søknadsskjema.

**Sven Haughom, leiar av Vest Agder sau- og geitlagslag** meinte at det verka til å vera ei god og oversikteleg ordning, betre enn den i Vest Agder.

Joar Oltedal orienterte om Agrovisjon 2005, ein konferanse og utstilling som skal vera i Stavanger Forum på Tjensvoll i Stavanger 4 og 5 november i år. Den har fokus på primærleddet i verdiskapingskjeden. Hovudarrangør er Rogaland Landbruksselskap, organisasjonar i landbruket, landbruksamvirke og ulike private selskap er medarrangørar.

## **9. Leif Matnisdal gjekk gjennom rekneskapet og budsjettet for 2005.**

**Gunnar Bokneberg** kommenterte at kontingenten var gått ned, me har fått færre medlemmar etter at det vart gradert kontingent.

Både rekneskap og budsjett vart godkjent.

## 10. Innkomne saker.

Det var kome inn forslag frå Gjesdal sau- og geitlagslag om å krevja inn medlemskontingenten sentralt frå.

Forslaget kom inn for seint til at me i Rogaland kunne senda saka til årsmøte i NSG i år.

Dette er ei problemstilling som ifølge **Ove Ommundsen** har vorte teke opp i andre fylke og, men det er uvisst om andre har sendt saka til NSG.

Dersom saka kjem opp ønskte ein å ha med eit signal frå årsmøte.

**Peder Ravndal** gjekk gjennom forslaget til Gjesdal sau og geit. Å krevja medlemspengane lokalt er svært arbeidskrevjande. Det vil vera enkelt for NSG å gjera denne jobben, giroen kan leggjast med eit Sau og geit. Eit anna argument er registreringsplikta i mva.registeret. Kontingenten vert rekna med i omsetjinga. I staden for å nytta tida til å krevja inn medlemspengar kan styremedlemmane nytta tida på arbeid for medlemmane.

**Ole Jonny Espevold** la fram negative konsekvensar med å ha sentral innkrevjing, som fare for å mista medlemmar, ei dyrare ordning slik at lokallaga får mindre kontingent. Ved sist handsaming av saka vart det nemnt at NSG måtte ha 15 kr for arbeidet.

**Harald Sleveland** meinte at dei kom til å missa medlemmar ved ei sentral innkrevjing. Dei har avtale om direkte trekk i bank, noko han trur hindrar at folk melder seg ut.

**Bjørn Laugaland.** Røde Kors har gått over til å krevja inn sentralt utan at lokallaga har mist medlemmar.

**Gjermund Fiveland.** Lokal laga har meir lokalkunnskap og kan difor hindra at folk melder seg ut.

**Ola Audun Svela.** Bjerkreim kjøper tenesta hjå rekneskapslag, men kunne nok få same resultatet med sentral innkrevjing.

**Nils Helland,** kva argument låg føre sist gong.

**Ove Ommundsen,** same avvegingane som her, men og at ein ikkje hadde dataprogram som takla dette.

Det var og fleire andre som uttala seg, argumenta var dei same, men dei fleste var positive til at NSG sentralt skal krevja inn.

Ved avstemming var 28 for forslaget frå Gjesdal og 13 mot.

## 11. Arbeidsplan for 2005. Jostein Seldal gjekk gjennom planen.

Under festmiddagen fredag kveld overrekte Sigmund Skjæveland pokalen for beste ver til Bjørn Høyland for veren 200340735. Solveig og Per Magne Østebø fekk pokal for beste bukk, 2000296, Knorr. Peder Ravndal tok imot pokalen då Solveig og Per Magne Østebø ikkje hadde høve til å møta.

Jostein Seldal overrekte Sigmund Skjæveland ei gåve frå RSG, han vert 50 år seinare i vår.

## **Laurdag 26. februar**

### **12.Val.**

Det var 52 personar med røysterett ved val av leiar, medan det var 53 seinare.

Medlem i valnemnda **Olaug Vikingstad** leia valet.

Leiar vert vald for 1 år, styremedlem for 2 år, nestleiar vert vald blant styremedlemmene for 1 år, vara medlemmane for 1 år.

Innstilling frå valnemnda

Attval på leiar Sigmund Skjæveland      Ingen andre forslag    Valt med 50 stemmer 2 blanke

Attval på styremedl. Ole Jonny Espevold      Ingen andre forslag    Einstemmig valt

Attval på nestleiar Jostein Seldal      Ingen andre forslag,    valt med 51 stemmer ,2 blanke

Attval på 1 vara til styret Per Johan Lyse      Ingen andre forslag    Einstemmig valt

2. vara til styret Margunn Nedrebø      Ingen andre forslag    Einstemmig valt

Attval på 3.vara til styret Nils Petter Aarrestad    Ingen andre forslag    Einstemmig valt

### **Revisor.**

Forslag: Attval på Egil Svela med Brigte Åge Høyland som personleg vara. Einstemmig valt.

Valt for 2 år.

**Møteleiar** for 2006, Olaug Vikingstad vart einstemmig valt.

**Godtgjersle for tillitsvalte.**

Innstilling frå valnemnda: Kasserar: Auke frå 10 000 kr til 13 000, einstemmig vedteke.

Innstilling frå valnemnda: Styremedlemmer og 1. vara til styret: Auke frå 3 000 til 4 000 kr.

Karluf Håkull sette fram forslag om å ha dagens satsar.

12 stemde for Karluf Håkull sitt forslag, medan 33 stemde for valnemnda sitt forslag.

Dei andre satsane var det ingen endring i.

Dei nye satsane er då:

Leiar                               kr 25 000 + 750 kr pr dag over 30 dagar

Nestleiar                       kr 8 000

Kasserar                       kr 13 000

Styremedl. og 1.vara til styret       kr 4 000

Andre tillitsvalde: Inga godtgjersle dei første 3 dagane, derette kr 750 pr dag.

### **Utendingar til landsmøtet.**

Valnemnda la fram nytt forslag avdi Jostein Seldal møter som medlem i valnemnda.

Innstillinga frå valnemnda:

Utendingar	Personlege vara:
Sigmund Skjæveland	Nils Fjellanger
Nils Helland	Kjell Steinar Løland
Leif Matnisdal	Nils Petter Aarrestad
Peder Ravndal	Margunn Nedrebø
Gerd Helen Bø	Sveinung Havrevoll
Knut Sveinung Kleppa	Lars Nevland
Olaug Vikingstad	Asbjørn Høyland.
Ole Jonny Espevold	Per Johan Lyse

**Sigurd Tysvær** føreslo Peder Blikra som vara i staden for Asbjørn Høyland, dette avdi det er meir naturleg å ha ein leiar på lista i staden for eit vanleg medlem.

**Bjørn Laugaland** føreslo av same grunn Ola Jordebrekk i staden for Sveinung Havrevoll.

Det vart først stemd over forslag til endringar:

Peder Blikra fekk 33 stemmer, Asbjørn Høyland 6 stemmer

Ola Jordebrekk fekk 36 stemmer, Sveinung Havrevoll 3 stemmer.

Valnemnda sitt forslag med dei 2 endringane vart einstemmig vedteke.

### **Valnemnd.**

Forslag: Gunnar Bokneberg, Bokn med Arnulf Frøystad, Skaare som vara

Nils Fjellanger, Eigersund med Kirsten Selebø, Sokndal og Heskestad som vara.

Alle vart einstemmig valt.

### **13. Jon Erling Skåtan frå Statens naturoppsyn.**

Han orienterte om utvikling av tal ulv i vår region. Offisielt er det dokumentert 11 dyr sidan 1889. SNO har følgd ulven her sidan 2001, dei har fått fleire meldingar om ulv desse år, flest meldingar frå juni 02 til juni 03, det var då 255 meldingar. I den same perioden vart 46 sau registrert tatt av ulv.

Det vert nytta DNA for å dokumentera om det er ulv.

Dei siste åra er det dokumentert 6 ulike ulvar i området, 2 av desse er daude, Dalane ulven og 1 ulv som vart påkøyrt av tog i Drammen.

Dei siste kontaktane ein har hatt med ulv er ein dyr som vart filma i Sirdal i oktober 04, eit dyr passerte Bykle i november og ein ulv i Dalane som tok sau der.

Dersom den politiske viljen til å ha ulv held fram som nå, vil me sporadisk ha dyr i området.

**Sigmund Skjæveland.** Kva konsekvensar vil det ha for eit fellingsløyve at det vart teke feil tisper ved lisensjakta.

**Skåtan.** Politkarane har sagt at me skal ha 3 ynglande par i landet. Det er det ikkje nå.

**Sigmund Skjæveland** spurde og om kva som skjer dersom alfa tisper vert skoten.

**Skåtan** meinte at konsekvensane ikkje var så store, at kvelpane ikkje spring ut i den grad det vert sagt.

**Sigmund Skjæveland** stilte spørsmål om det alltid er berre eit kull i flokken og om ulven markerer revir utanom løpetid.



Til dette svara Skåtan at kvelpane dreg ut når det kjem nye kull og ulven markerer revir uavhengig av løpetida.

**Sigmund Skjæveland** understreka at det er viktig å melda inn mistankar om ulv, både for å få erstatning og fellingsløyve.

#### **14. Arnold Helland frå Verdikjedeutvalet på sau i Gilde Vest.**

Arnold orienterte om slakteresultata. P klassane har gått ned, men feit opp.

Bokn og Bjerkreim var dei beste kommunane, dei hadde under 1 % i P-klassane, over 70 % mellom 17 og 23 kg, under 1 % av lamma frå feitgruppe 4- og oppover.

Det vert nå innført ideallam. Det er lam mellom 17 og 23 kg, feitgruppe frå 1+ til og med 2+, slakteklasse O+ og oppover. Desse lamma får eit tillegg i pris på 2 kr.

Ideallam vil ein innføra avdi forbrukarane ikkje vil ha feit og meisterkockane meiner at dette er dei beste lamma.

For 2005 vert det betalt 2kr mindre for 3-.

**Gunnar Bokneberg.** Det at ein får dårlegare klasse når ein leverer lam tidleg, fører til at ein held lamma lenger, noko som kan føra til at dei vert for feite.

**Jostein Seldal.** Dei 2 kr pr kg ein får i tillegg for ideallamma burde det vore mogeleg å henta ut frå marknaden og ikkje frå dei andre slik det vert nå.

Til dette svara Arnold at det ikkje er meir å henta i marknaden.

**Sigurd Tysvær** tykte det var drastisk å gå ned i 1+, men ikkje ha med 3-.

Arnold svara at det var ein del av forhandlingane. Verdikjedeutvalet ville hatt med både 1+ og 3-.

**Nils Petter Aarrestad** var positiv til ideallam. Han meinte at ein må verta betre og driva avl for å nå dette målet.

**Magne Jakob Bjørheim** sa at det vert snakka om påskelam og at det må vera mogeleg å få betre pris for lamma til påske, men i vår går prisane berre ned mot påske.

**Sigmund Slettebø** meinte at Bondelaget vil prøva å få driftstilskot. Han stilte spørsmål om tilskotsordningane er målretta nok. Han meinte at det ikkje er rett å gje tilskot til sau som vert slakta rett over nyttår. Han ønskjer å få innspel frå Sau og Geit på dette.

**Arnold Helland** var einig når det gjaldt tilskot. Han orienterte og om at Gilde har ulike nye produkt av sauekjøt.

I tillegg nemnde han eit seminar som skal vera på Høyland gard.

**Bjørn Laugaland** meinte at seminaret verka svært interessant, men det burde vore ope for alle ikkje berre for dei som leverer til Gilde, kanskje Sau og Geit kunne halde eit slikt seminar.

Olaug Vikingstad avslutta med eit dikt.

Sigmund Skjæveland takka for tilliten og sa at han hadde eit positivt styre med seg. Han takka Olaug for god leiing av møtet og ønskte alle vel heim.

[Tilbake](#)